

KYRKJEBLAD

FOR
DAVIK

Nr. 118	Kjem ut kvar månad	August 1940	Utgjevar og redaktor: Prost Slaattelid Davik	11. årg.
---------	-----------------------	-------------	----------------------------------------------------	----------

Bi!

Bi etter Herren, vær trøstig og sterk!
Bi etter Herren, vær stille og merk,
at ved å vente på Herren du får
styrke og hjelp i de tungeste kår!

Bi etter Herren, Han skaffer dig rett.
Bare til Ham din fortrøstning kun sett!
Menneskehjelp er som grunnvold på sand.
Bi etter Herren, din hjelper er Han!

Bi etter Herren, Han skuffer dig ei!
Midt gjennom ørkenen bryter Han vei.
Høieste fjelle for Ham står ei fast.
Tungeste lenker Han sprenger i hast.

Bi etter Herren, — o, hør det og bi
på Ham — Han vil dig av trengslene fri!
Du med din selvhjelp dig bringer kun skam.
Bi etter Herren — se biott hen til Ham!

Kkl.

Guds rike og verdensrika.

(Pinsepreik 1940).

Då den Heilage Ande vart utropt, skipa Gud si kyrkje her på jorda. Eit nytt rike vart til mellom menneskja: Guds rike. Kyrkja er grunnlagd av Gud sjølv. Grunnvollen for den er Kristi død og oppstode. Den ånd som lever i den er Guds ande. Den er Guds hus, Kristi lekam, Kristi brud. Den er heilag, for den høyrer Gud til. Den er ålmenn, for den gjev rom for alle som trur og vert-døypte. Den er apostolisk, for den byggjer på det evangelium som apostlene forkynte. Den er Guds rike her på jorda, i denne verda, men ikkje av denne verda.

Men imot dette rike står det så andre rike. Det er dei store verdsrika, dei som er av denne verda. I nytestamenteleg tid var det det veldige romarrike. I gamaltestamenteleg tid kom dei i rad og rekkje: assyrarar, babylonarar, persarar, makedonarar. Og seinare i historia har dei stige fram, den eine stor-

makt etter den andre. Og alltid stod deira ånd i motsetning til Guds rikes ånd, for det var denne verdsens ånd som dreiv dei og hadde makta over dei. Det er denne verda som dei strid for, det er det synlige som dei slæst for: Herredøme, rikdom, plass for seg sjøve. Og difor er dei i motsetning til Guds rike, som set det usynlege som det avgjerande, som seier at det er ein ting somtremst, som vil lyfta sjelene opp til det ævelege og himmelske, læra dei å leva med og for Gud. For verdsrika er makta den høgste lov; den brutale makt er det avgjerande, kor mange fine masker den enn klær seg i og kor mange fraser den så brukar for å dupera den einfaldige, makta som trakkar ned og riv til seg og held på sitt. Og difor er dei i motsetning til Guds kyrkje, som har sanninga til sitt våpen, sanninga frå Gud om frelse, om Guds vilje, om rettferd, om andsvar og dom. For verdsrika er det sjølvhendinga som er den store drivkraft: hevda seg sjølv, fremja sine eigne interesser, utan andre omsyn enn dei som ein egoistisk klokskap fører med seg. Men i Guds rike er kjærleiken det store ordet: elska nesten som seg sjølv, tenkja på andre, gjera vel og hjelpa og ofra, leva etter den sanning at vi er alle brører fordi vi har den same himmelske fader.

Fordi der er denne radikale motsetning, må der og vera strid mellom Guds rike og verdsrika. Guds ord taler atter og atter om den. I Daniels bok ser vi striden mellom det truande Israel og »dyret«. Det var »ogjeleg og skræmeleg og uhorveleg sterkt, det hadde store tenner av jarn, det åt og krasa og leivningane trakka det sund med føtene, det hadde ein munn som tala store ord«. Johannes Openberring skildrar den store striden mellom Guds rike og verds-makta, mellom Kristus og Antikrist. Denne

strid har vore og vil altså etter Guds ord vera der så lenge verda står. Og alltid vil verdsmakta sjå ut til å vera den sterke og overlegne, sigrande og mektig og sigrande. Og Guds rike vil sjå ut til å vera veikt og hjelpelaust, fortylgt og tapande. Det er fordi ein festar seg ved det synlege åleine.

Men så har vi likevel det underlege faktum: Kyrkja står, men verdsrika går under. Verds historia er ei veldig ruinmark. Egyptarar, assyrarar, babylonarar, persarar, makedonarar, syrarar, — dei kom, dei hadde si tid, dei var store og mektige, men så kvarv dei bort og var ikkje meir. Men Israel, som då var Guds utvalde folk, — det vart underkuva av dei alle og overlevde dei alle. Det romerske rike stod der så veldig og strålande, det let martyrbloodet renna, det meinte å kunna rydja ut Kristi namn på jorda. No er det borte, vi les om det i gamle bøker og ser på ruinene som er att etter storverka. Men kyrkja som laut gøyma seg i katakombene, den står. Og alle dei andre store rike som i ei tid såg så sterke og grunnfaste ut, dei kvarv bort. Kyrkja såg på korleis dei steig fram, korleis dei vaks, korleis dei blånde, korleis dei veikna og visna, korleis dei gjekk under. Og dei rike som no er herrar på jorda og som ser så sterke og herlege ut, også deira time kjem, også dei vil lata sine ruinar etter seg, om verda skal stå. Kyrkja vil i si tid sjå attende på det britiske eller det stortyske rike, liksom den no ser tilbake på det austromerske rike eller Napoleons keiserdøme.

Verdsrika går under, Guds rike står. Kvifor? Fordi det er menneskjemakt som står imot Guds makt. Fordi Kristus har all makt i himmel og på jord og er med sine alle dagar. Fordi kyrkja er bygd på Guds ord og Guds lovnad. Fordi han har sagt at helheims portar ikkje skal vinna over henne. Fordi ho er Kristi brud som *må* vera der for å ta imot han når han kjem att på den siste dagen.

Verdsrika er der berre så lenge som Gud vil og så lenge som han har bruk for dei for sine dulde råd. Som det står i Daniels bok: *Veldet åt dyra (verdsrika) vart frå dei teke, for levetida var fastsett til lid og stund.* Det er den allmechtige Herre som fastset. Når hans time kjem, så er det forbi.

Han seier: Hit og ikkje lenger; her skal dei stogga, dine stolte bylgjer. Om dei Babelstårn som menneskja byggjer, reiser seg aldri så byrge mot himmelen, — når tida er koma, ligg det berre ein grushaug att. Og tilslutt kjem den siste store verds makt, veldigare enn alle dei andre, og den siste store striden, hardare enn alle dei andre. Då kjem og den siste store sigeren, den endelege siger. Då kjem det fullkomne Guds rike, og den stridande kyrkja på jorda er vorten den triumferande kyrkja i himmelen.

Dette er den kristne si tru. Såleis ser han på den ville striden i verda, for såleis ser Guds ord på den. Det er Gud som råder, trass i alt. Alt må tilsist tena hans planar. Han har sitt rike her på jorda, og ingen makt frå helvite kan øydeleggja det. Og hans rike kjem, det fullkomne, det ævelege, i den fasette tid. Det er den kristne tru, det gjeld berre om at den er levande i våre hjarto. Det vil seia at den Heilage Ande må få makt over oss. Han vil lyfta våre augo opp mot det usynlege; vi skal ikkje missa modet, seier apostelen, med di vi ikkje festar oss ved det synlege, men ved det usynlege, for det synlege er timeleg, men det usynlege er æveleg. Guds ånd vil grunnfesta oss i sanninga, slik som Gud har gjeve den i sitt ord og si kyrkje; den vil han vi skal halda oss til, byggja på, finna styrke og trøyst i. Og han vil rotfesta oss i kjærleiken, den som er ifrå Gud, for Gud er kjærleik. Han vil verja oss mot å festa våre hjarto ved det synlege, for det forer til mismod og vantru og tvil og frykt. Han vil vara oss mot denne verda sine lygner, forføringar og svik. Han vil verja oss mot hatet og hemnen si ånd, som er frå Djevelen. Han vil lyfta våre sjeler opp til Gud, til Jesus, Herren og Frelsaren, ved Guds høgre hand.

Ikkje minst i slike tider som vi no er i, er det det som kvar ein kristen så sårt treng. Det er ei freistingstid. Freisting til uro, mismod, syting, vantru, opposisjon, urettferd, hat. Det gjeld om å stå på vakt. Det er lett å la seg riva med av straumen. Gud gjeve kvar ein kristen ved sin Ande å stå fast i trua på Guds makt og nåde, Guds styring og siger. Gud er Gud om alle land lå ode. Gud er Gud om alle mann var døde. Hans rike står, når alle verdsrike er borte. Hans

ord står fast når himmel og jord forgår. Hans hand kan berga, når all menneskehjelp er fåfengd. Hans velde er eit ævelegt velde og riket hans kan ikkje rikkast. Berre ein ting er om å gjera: Å høyra hans rike til, å høyra Jesus til. Då veit vi: Jesus lever og vi skal leve med han. Amen.



Våre døde.

19. juni: Jørgine Jørgensdtr. Bugjerde, kårnkje; f. 1861; alderdom.

Nu bede vi den Helligånd
fremfor alt om troen rett og sann,
at vi den bevare
til vår siste ende.

Notisar.

Doypte: 30. juni Marta Karoline, f. 22. febr. av f. Johan Andersen, Samnanger, og k. Marie Monsdtr. (f. Myklebust). — 7. juli Anders Jakob, f. 23. mai av f. Martinus Andersson Mjånes og k. Ingrid Jakobsdtr. (f. Hansen). — S. d. Liv Aud, f. 25. april av f. Leonhard Jonasson Midtbø og k. Anna Andreasdtr. (f. Øverland). — 14. juli, Jon, f. 28. mai av f. Martin Johannesson Sunde, Dombestein, og k. Brita Amundsdr. (f. Myre). — S. d. Kåre Alf, f. 8. mai av f. Modulf Karlsson Dombestein og k. Ragna Didriksdr. (f. Lageide). — 21. juli, Paul Matias, f. 30. mai av f. Ola Paulsson Midtbø og k. Aslaug Klausdr. (f. Håvik).

Ektevigde: 29. juni i Bremanger Apollonius Antonsson Liset og Petra Kristensdtr. Ytrehaug. — 3. juli i Rugsund Leiv Johnsson Fløtre og Anna Albertsdtr. Bakke. — 6. juli i Eid Trygve Angelsen, Bromøy, og Jorunn Johansdtr. Årdal, Humborstad. 8. juli i Rugsund Einar Henriksson Kolset og Marie Johansdtr. Nygård. — 27. juli i Davik Trygve Ivarsson Torheim og Alida Johannsdtr. Grotle, Bremanger. — S. d. Ingolf Andersson Tennebo, Sor-Vagsøy, og Agnes Karlsdtr. Åsebø, Rodeggen.

For 100 år sidan. Vigde: 10. mai 1840. Kolbent Bugjerde, son til Erich Kolbentsen, 30 år, og Marthe Berstad, dtr. til Peder Sæbjørnsen, 30½ år. — 7. juni Christen Ravnefjeld, son til Simon Christensen, 31¼ år, og Ingeborg yttre Davig, dtr. til klokker Hans Christensen, 32 år. — 8. juni Hans Hessevagbakke, son til Abel Hansen, 29½ år, og Ragnelde Otteren, dtr. til Anders Pedersen, 24 år. 7. juni Augustinus Sande, Bremanger, son til Erich Augustinsson, 26 år, og Karen Humborstad, dtr. til Ole Abelsen, 19 år. — 21. juni Christen Liden, son til Christen Abrahamsen, 26 år, og Britha Otteren, dtr. til Anders Pedersen, 22 år. — 21. juni Ole Ervig, son til Erich Olsen, 27½ år, og Christi Houge, dtr. til Anders Nielsen, 20 år. — 28. juni Ingebrigt Brobakke, son til Christen Christensen,

25 år, og Ragnilda Bortne, dtr. til Jacob Andersen, 34 år. — 3. juli Ingebrigt Kjøllesdal, son til Anders Ingebrigtsen, 30 år, og Anne Homborstad, dtr. til Ole Larsen, 29 år. — 21. juni Rasmus Huuslied, son til Rasmus Pedersen, 29 år, og Lisebeth Pedersdtr. Korstad, Indvigen, 37 år. — 28. juni Peder Levdal, son til Peder Pedersen, 20 år, og Ingeborg Midgjelde, dtr. til Christen Pedersen, 32 år. — 28. juni Anders Elde, son til Augustinus Uldrichsen, 40 år, og Synneve Elde, dtr. til Rasmus Johnsen, 33 år. — 15. juli Niels Tytingvåg, son til Rasmus Pedersen, 21½ år, og Stine Lofnæs, dtr. til Stephen Augustinussen, 36 år. — 9. aug. Jacob Olsbøe, son til Stephen Jacobsen, 26 år, og Sogni Kragevig, dtr. til Morthinus Olsen, 20 år. — **Døde:** 11. mai Mette Andersdtr. Isehaugen, tjenestepige, 24 år. — 27. mai Oline Jacobsdtr. Rundshoug, kårkone, 72 år. — 4. mai Ales Clausdtr. Rugsund, kårkone, 87 år. — 26. juni Erich Johannesen Ervig, kårmann, 86 år. — 4. juni Anders Hansen Gangsøen, gårdmann, 52 år. — 6. juni Peder Jacobsen Fagelied, kårmann, 71 år. — 3. aug. Synneve Rasmusdtr. Henøen, tjenestefuinde, 33 år. — 25. aug. Anne Torgjersdtr. Yttre Isene, kårkone, 82 år. — 18. aug. Anne Andersdtr. Aasene, kårkone, 81 år.

Omkomne på sjøen i Davik. 21. aug. 1871 gbr. Thomas Østensen Husevåg, 52 år, »druknet«. — 16. des. 1871 kårmann Peder Pedersen Bjørnø, 70 år, »druknet«. — 5. januar 1872 husmann Mons Jørgensen Møklebust, 62 år, og ungarl Ole Abelsen Møklebust, 30 år. — 8. sept. 1873 fatiglem Anders Samsonsens Endal, 80 år. — 12. febr. 1875 kårmanns kone Brite Olsdtr. Henøen, f. 1854. »Omkom paa Sjøen. Liget ei gjenfundet.« — 12. febr. 1875 inderst Jetmund Erichsen Henøen, 24 år. 29. oktober 1876: Gift gbr. Jakob Jakobsen Brobakke, 47 år, gårdmannskone Kristiane Rasmusdtr. Brobakke, 44 år; gift gbr. Hans Olsen Totland, 41 år, gårdmannskone Pernille Pedersdtr. Totland, 51 år; ungarl Olai Eriksen Totland, 20½ år; plassemann Kristen Waldemarsen Totland, 39 år; husemannsbarn fra Totland, intet navn, udøpt, 4 veker. — 7. jan. 1877 gbr.-dtr. Baarni Jensdtr. Risøen, 23 år. — 12. sept. 1880 gbr.-dtr. Baarni Jonsdtr. Rimstad, 25 år, og gårdmanns son Kristian Pedersen Rundshaug, 16 år.

Gudstenester:

- 15. sund. etter treein., 1. sept.: Davik.
- 16. sund. etter treein., 8. sept.: Alfot.
- 17. sund. etter treein., 15. sept.: Davik.
- 18. sund. etter treein., 22. sept.: Rugsund.
- 19. sund. etter treein., 29. sept.: Alfot.

Dei tre siste sundagane skal det vera konfirmasjon.

Om Guds trofasthet.

»Han er trofast som gav løftet.«

Hebr. 10, 23.

Min gamle mor hadde liggende ved sin seng en liten slitt bok som het: »Den trofaste forjetter«.

Alt som liten gutt hadde jeg ofte fingret ved den boken. Jeg syntes den var så liten og rar, ikke som andre bøker. Det hadde vært en fin bok i gullsnitt og med gulltrykk på permen, mor hadde fått den i brudegave. Men jeg minnes den bare som en slitt bok med løs perm og avslitt gullsnitt.

Den inneholdt småstykker til hver dag i måneden. Hvert stykke hadde til overskrift, trykt med store bokstaver: »Han er trofast som gav løftet.« Derunder stod ett av Guds løfter i Bibelen. Og hvert stykke avsluttes med den bønn av David: »Kom det ord ihu til din tjener, på hvilket du lot mig håpe.«

Da mor som meget gammel kone døde, satt jeg ved hennes seng og holdt henne i hånden. Det siste ord jeg hørte henne si var: »Min sjel, lov Herren.«

Gjennom de mange år hadde hun begynt dagen med de ord: »Han er trofast som gav løftet.«

Hennes siste ord blev som en stadfestelse på dette ord, som hun ville si: »Min sjel, lov Herren! Han som gav løftet var trofast, han hørte min bønn.«

Nu er jeg selv blitt en gammel mann, og nu ligger mors slitte bok på mitt nattbord. Når jeg blader i boken, er det som jeg ser mors fine, trofaste øine festet på mig, og jeg synes høre hennes blide stemme: »Han er trofast som gav løftet.«

Og jeg må takke Gud for mors slitte bok og for mors minne. Jeg forstår noget av den hemmelighet som hjalp far og mor til å skape så trygt og godt hjem for sin store barneflokk.

Ja min venn, Gud er trofast.

Ingen blir tilskamme, som setter sin lit til ham.

Sine løfter har han holdt og vil holde inn til dagenes ende.

Biskop Johan Lunde.

Ein roman frå kvardagslivet.

Av Jacob Aaland.

Det hender sume tider at dei røynelege livstilhøve lagar meir spanande og innfløkte livslagnader enn dei mest utpekulerte romanskribentar kan setja isaman.

Granskar ein gamle rettsbøker og kyrkje-

bøker, vil ein av og til koma burt i tilhøve som til fullnad provar dette.

Eit framifrå godt døme på dette finn ein i ei kyrkjebok for Davik frå 1740-åri. — Kyrkjebøker frå denne tidsbolken (og fyrr) er lite spanande. Dei hev jamnaste berre turre namn og tal, namn på dei døypte og faddarar, på dei gifte med vitner, på dei døde; tal på år, dagar og årstal, og elles ingenting. Dei er difor turre og keidsame. Men den kyrkjebok som presten Thomas G. Krog førde frå 1741 av for Davik prestegjeld, er eit sermerkt undantak i so måte. Presten Krog var sterkt interessera for opplæring hjå folk; han var t. d. skapar av eller far for skuleskipnaden i Davik. Denne sansen hadde vel vorte vakt under verksemd hans som kapellan ved Korskyrkja i Bergen der den lærde E. Pontoppidan då var bisp. Krog var ogso ein trottig bokskrivar og gav ut fleire småbøker. Mest kjend av dei er truleg »Samtale mellem en prest og en bønde om årets fester«.

I kyrkjeboki førde han inn ikkje berre »de kirkelige handlinger«; men han skreiv her um dei største hendingane både her i landet og utlandi, som han fekk fremd um, t. d. um Lissabons øydeleggjing i 1755, um krigsfyrebuingi millom Russland og Danmark og um sar Peter III sin brådød 1762, um den store Bergensbranden i 1756. Men det var ikkje berre storhendingane heime og ute han skildra i kyrkjeboki. Han skreiv ogso um kvardagshendingar her heime, um rikt feitsildfiske, um sildefiske, um løyn-domsfulle rørsler i havet, um smittesott o. m. Men den hendingi han ofrar dei fleste ord på i kyrkjeboki, og som ein difor må tru hev sett presten i aller sterkaste spaning og undring, er eit giftarmål 7. november 1755 millom *Lisbet Hansdotter Isane* og hattemarkarmeister i Trondheim *Johan Filip Jordan*. Kven var so desse tvo lukkelege menneske som var vorte samde um å dela kva livslagnaden hadde etla dei til, både av gode og vonde dagar og under handfesting og med Henrik og broren Josef Hanssøner Indre-Isane som vitner, fekk presten si signing med på livsterdi?

(Meir).